

## Gavmilde Varfjell tapte klart

Skrive av administrator

fredag 27. september 2019 20:42 - Sist oppdatert måndag 30. desember 2019 16:02

---



Vestnes Varfjell gjorde det vanskeleg for seg sjølv med altfor mange personlege feil og måtte reise heim med 1-5-tap då laget gjesta topplaget Dahle på bortebane fredag. Etter ein svak førsteomgang, der laget heller ikkje hang med då kjappe Dahle-unggutar sette opp tempoet, vart det betring etter pause. Då var laget fullt på høgde med vertane og reduserte ved Tommy Kanishi kvarteret før slutt. Kapteinen snappa ballen frå Conny Monsson (svensken best kjent som målvakt for mellom andre KBK), og gjorde ingen feil aleine med keeper. Dessverre øydela Dahl all spenning ved å kvittere i neste angrep. Etterpå la dei også på til 5-1 då dei igjen utnytta at Svein Erik Lange Male mista ballen på midtbana.

### [NOKRE BILDE FRÅ KAMPEN](#)

1-0 kom også etter ein glipp. Varfjell-målvakt Fredrik Bergslid skulle kontrollere ballen uten til utspark, då Jøran Sandøy såg sitt snitt til å snappe ballen og sette den i det tomme målet. Protestar og krav om frispark møtte døde øyrer hos dommarane. Sandøy, som er kjent som ein gammal måltjuv, hadde sette seg sjølv opp frå start i denne kampen. Mellom superveteranen Monsson og Sandøy har Dahle ein gjeng talentfulle unggutar som i sommar har blitt ytterlegare forsterka med fleire frå KBK 2. Det Varfjell merke særlegi første omgang, då kom Dahle veldig lett til sjansar. Varfjell hadde nokr spede forsøk der Tommy Kanishi var igjennom med keeper ein gong, medan Amund Stavem hadde eit par skumle skotforsøk.

## Gavmilde Varfjell tapte klart

Skrive av administrator

fredag 27. september 2019 20:42 - Sist oppdatert måndag 30. desember 2019 16:02

---

I andre omgang vart Tommy Kanishi flytta fram som midtspiss og truga eit Dahle-forsvar som la seg lavt for å trygge leiinga. Innbyttar Juan Larsen Reduseringa kom altså til slutt, men det var aldri snakk om noko meir enn å pynte på resultatet. Bergslid hadde også eit par gode redningar som hindra Dahle i skåre fleire mål, mellom anna redda han to gongar frå Sandøy i første omgang. Bergslid fekk for øvrig gult kort etter ein rar situasjon på overtid. Han trudde tydelegvis at dommar hadde blåst av for full tid og sparka vekk ballen i frustrasjon over nok ei tap. Men dommar hadde blåst offside. Så snart den var tatt, blåste han av ...

– Det er tungt for tida. Mest irriterande er måten me gir vekk mål på, sa Varfjell-trenar Alexander Connor etter kampen. No ventar serieleiar KBK 2 heime neste fredag før kampane mot Elnesvågen (b) og Åndalsnes (h) kan bli heilt avgerande i botnstriden.

### KAMPFAKTA:

Dahle - Vestnes Varfjell 5-1 (3-0)

4. divisjon Nordmøre/Romsdal

Fredag 27. september 2019 kl 19

Dahle kunstgresspark, 70 tilskuarar (6 Vestnes)

Mål:

1-0 (8) Jøran Sandøy

2-0 (20) Tobias Dahle

## Gavmilde Varfjell tapte klart

Skrevet av administrator

fredag 27. september 2019 20:42 - Sist oppdatert mandag 30. desember 2019 16:02

---

3-0 (34) Tobias Dahle

3-1 (75) Tommy Kanishi Andreassen

4-1 (77) Espen Jakobsen

5-1 (82) Mats Tolcsiner

Dommar: Martin Sørensen Kristiansen, Nordlandet

Gult kort: Sivert Nerheim (46), Cédrik Andressen (58), Fredrik Bergslid (90 +1), Vestnes Varfjell. Mats Lindskog, Dahle (82)

Vestnes Varfjell (4-3-3): Fredrik Bergslid; Cédrik Andreassen (Lars Helge Lien 63.), Svein Erik Lange Male, Liam Connor (Jonas Lervik 63.), Håkon Kjørvik - Sivert Nerheim, Ørjan Tangen, Tommy Kanishi Andreassen - Amund Stavem, Knut Stian Eik (Juan Rikard Larsen 56.), Vegar Skare